

Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag for året 2021

Til årsmøtet 17.03.2022

Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i 2021 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika, nestleiar: Nils Peder Holme, kasserar: Ester Karin Barane Våge, skrivar: Lars Inge Vestvik, styremedlem: Ivar Barane, styremedlem: Arvid Samdal, vara: Signe Lønning, vara: Per Arne Barane.

Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2021 vart halde 11.03.2021 i kultursalen på bygdatunet.

Styremøte

I året 2021 vart det halde 10 styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag. I alt har styret behandla 45 saker.

Møte med komiteane

Møteaktiviteten i komiteane har grunna smittefaren vore noko redusert. Det har vore to møte med stinemnda - den 31.05.2021 og 29.09.2021. Organiserte møte med dei andre nemndene har ikkje blitt gjennomførde dette året. Leiar og andre styremedlemer har til ein viss grad halde kontakt med komiteane gjennom Messenger eller ved besøk under arbeidet med restaurering av husa og arbeid på turstiane.

Vedlikehald

Bergehuset: I året 2021 har det vore utført mykje malararbeid innvendig i Bergehuset, spesielt i andre høgda. Resultatet har blitt veldig bra. Ein vedomn er montert i den vestre salen oppe. Dei ansvarlege for Bergehuset møter stort sett opp til dugnad éin gong i veka.

Saga: Vorlandssaga må ein no kunna seia er ferdig restaurert. Ein del gjenstående småarbeid har blitt utført i 2021.

Kvernhuset i Vorlandsskogen: Restaureringsarbeidet på kvernhuset i Vorlandsskogen kom i gang i 2020. Arbeidet heldt fram i 2021. Hellene på taket vart tatt ned, og sutaket delvis fornya. Huset vart forlengd ein del slik at det passa betre på steinfundamentet under. All gammal bordkledning vart tatt ned og erstatta med ny. Taket vart dekket med papp og deretter lekta før hellene igjen vart lagde på plass. Huset er beisa med eitt strøk. All material ein trong for å utføra arbeidet med kvernhuset vart kjøpt frå Åreid Sag AS. Arbeidet på kvernhuset vil bli tatt opp att utetter våren 2022.

Fridtun: Ein del malararbeid utvendig har blitt utført i 2021. Arbeidet med å innreia loftet har halde fram gjennom året og nærmar seg ferdig. Ein reknar med å koma i gang med ei utstilling av gjenstandar på loftet i 2022. Ei boksamling vil ein òg prøva å få plass til her. Panel til tak og veggjar er kjøpt hos Eide Miljøbygg AS, og elektrikkararbeidet er utført av LOS AS.

Hilleborgstova: Ein stor lekkasje i taket vart ordna i løpet av sommaren 2021. Hellene vart tatt ned på omlag halve sida av taket mot nord. Det gamle sutaket vart erstatta av nytt. Under arbeidet med dette merka ein at pipa var i svært dårleg forfatning. Lars Lønning i Bømlo Maskin AS vart engasjert til å ta pipa ned i eitt stykke med ein av maskinane sine. Dette arbeidet utførte han vederlagsfritt. Pipa vart så bygd opp att, papp vart lagd over sutaket før taket vart lekta og hellene lagde på plass. Byggmester Yngve Eilertsen utførte arbeidet. Folk frå sogelaget var med som handlangarar. Det meste av materialane vart kjøpt hos Åreid Sag AS, noko frå Eide Miljøbygg AS.

Karinestova: På Karinestova har det vore utført vanleg reinhald.

Ådnahytta: Her har det vore utført vanleg vedlikehald.

Arrangement

På grunn av koronasituasjonen har det ikkje vore gjennomført arrangement i 2021.

Turstiane

Andal - Bergeseidet

Ein god del arbeid på denne stien har vore utført. Her er det laga nokre bruer over våte parti og stien er lagd litt om enkelte stader. Eit flott arbeid er gjort. Ein bør her koma i gang med skilting.

Stien til Mørkedalsfjellet (Ådno):

Stien frå Tussadalen til Ådno har vore i Bømlo Tur- og Sogelag si "eige" omtrent sidan sogelaget vart stifta. Stien har heile tida hatt start frå den vesle parkeringsplassen i Tussadalen. No er det komen parkeringsforbod på denne plassen, og det er ikkje lenger nokon stad turgåarar kan parkera bilane sine når dei vil gå til Ådno. Styret i sogelaget har difor sett seg om etter eit anna startpunkt for denne stien. På eit møte med stinemnda vart det ein gong foreslått å leggja stien frå idrettsbanen, der det er god parkering, til Kalavåg og så vidare til Ådno. Denne ideen har styret tatt tak i og arbeidd vidare med. Me er komne så langt no at alle avtalar med dei involverte partane er gjort og klarert. Alle er positive til denne løysinga. Det som no står att er å få sett opp to infotavler, ei ved idrettsbanen og ei ved bunkeren på Ådno, og nokre piler som viser veg.

Kyrkjestien

Kyrkjestien har vore stengd ei stund i 2021 på grunn av anleggsarbeid mellom Andalsvegen og Kvednavatnet. Etersom delar av Kyrkjestien no er øydelagd av ein anleggsveg, har ein opparbeidd ein ny trasé for stien. Eit godt arbeid er gjort her, m.a. med ei fin bru over Kvednabekken. Ei omlegging av stien medførte at infotavlene måtte endrast på, og nokre nye piler måtte bestillast. Den nye traseen er svært fin.

Leidarsteidn

Årshftet Leidarsteidn var klar for sal 29.10.2021. Haugesund Bok og Offset stod for trykkinga. Hftet vart lagt ut for sal på Spar Bømlo, Bømlo Bil, Joker Espevær og Vikse Norli på HSD-senteret. På julemessa i Bygdatunet hadde sogelaget ein stand der årets hefte pluss gamle utgåver var for sal. Salet av Leidarsteidn gjekk svært bra, med rundt 600 selde eksemplar.

Gåver

Ein gammal slåmaskin vart gitt av Steinar Solheim. Plassert på Berge

Ein høyhakke vart gitt av Steinar Solheim. Plassert på Berge.

Ei gammal parafinlykt vart gitt av Bjarne Nilssen. Plassert på Fridtun.

Bømlo Tur- og Sogelag har gjort avtale med Kystverket om å overta vedlikehaldsansvar for Langevåg fyrlykt. På den måten greidde me å hindra at lykta vart fjerna frå Litlableikjø.

Pengegåver

Tilskot på kr 30.000 til Fridtun og Hilleborgstova frå Vestland Fylkeskommune v/Bømlo kommune.

Tilskot på kr 8.000 til merking av turstiar frå Bømlo kommune.

Gave på kr 5.000 til generell støtte frå Bømlotrål AS

Tilskot på 10.000 kr Fridtun og Hilleborgstova frå Finnås Kraftlag.

Frå Kulturminnefondet har me fått kr 39.000 som sluttutbetaling for byggesteg 1 på kvernhuset i Vorlandsskogen.

Tilskot på kr. 40.000 til opparbeiding av ny trasé på Kyrkjestien frå BVA.

Bømlo Tur- og Sogelag deltok i strandryddeaksjonen - fem sekkar samla inn.

BVA har bidratt med eit stort lass singel til ny Kyrkjesti frå stemma i Kvednavatnet og nedover.

Utleige

Bergehuset har vore leigd ut nokre gonger til ei lita gruppe som driv med husflidsaktivitetar. Elles nokre mindre arrangement.

Besøk

Ei gruppe turgåarar frå Sveio Turlag besøkte Bømlo Tur- og Sogelag søndag 5. september. Etter ein spasertur frå gravplassen på Vika til Mjelkevik, gjekk turen til Bergehuset der det var lunsjpause. Bernt Emil Vika var kontaktperson og orienterte om sogelaget og Bergehuset. Me fekk mykje skryt for turstien til Mjelkevik og det flotte Bergehuset.

Representasjon

Bernt Emil Vika deltok på Hordaland Sogelag sitt årsmøte og lokalhistoriske dagar på Stord 16. og 17. oktober.

Arvid Samdal og Bernt Emil Vika var i møte med Audun Halleraker i BVA den 8. oktober vedr. Kyrkjestien. Møtet resulterte i eit tilskot til sogelaget på kr. 40.000.

Bømlo, 26.01.2022

Bernt Emil Vika

Leiar Bømlo Tur- og Sogelag